

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
063/14	Levekårsutvalet	PS	02.09.2014
082/14	Kommunestyret	PS	18.09.2014
073/14	Levekårsutvalet	PS	08.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	14/6118

Samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og konfliktrådet i Hordaland

Vedlegg:

Samarbeidsavtale Konfliktrådet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune inngår samarbeidsavtale med Konfliktrådet i Hordaland.

Levekårsutvalet - 073/14

LE - behandling:

Kommunalsjef Kristin Moe orienterte i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Innstilling i Levekårsutvalet - 08.09.2014:

Lindås kommune inngår samarbeidsavtale med Konfliktrådet i Hordaland.

Kommunestyret - 082/14

KO - behandling:

Innstillingar frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke

KO - vedtak:

Lindås kommune inngår samarbeidsavtale med Konfliktrådet i Hordaland.

Saksopplysningar:**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Lindås kommune har motteke førespurnad vedkomande lokal samarbeidsavtale mellom kommunen og Konfliktrådet i Hordaland. I konfliktrådslova er det med verknad frå 1.7.14 heimla tre nye straffereaksjonar basert på ungdommen sitt samtykke til deltaking: Ungdomsstraff, Ungdomsoppfølging for ungdom mellom 15-18 år samt Oppfølging i konfliktråd for personar over 18 år.

Målsetjinga er å førebyggje kriminalitet samt at ungdomen skal få hjelp til å meistre eit betre liv utan kriminalitet. Konfliktrådet har fått ansvaret for gjennomføring av dei tre straffereaksjonane, og organiseringa av arbeidet vil skje på to plan; Ressursgruppe på overordna leiarnivå og Koordineringsgruppe på lokalt nivå. Koordineringsgruppa skal bestå av ungdomskoordinator ved konfliktrådet, representantar frå politi, påtale, barnevern, kriminalomsorg og andre relevante instansar. Det er først og fremst i oppfølgingsteam at representantar frå kommunen vil delta, og her vil deltaking frå barneverntenesta vere av stor betydning, i tillegg til aktørar frå skule, helsetenesta, kultur/fritid og rusomsorga.

Konfliktrådet ønskjer at ein samarbeidsavtale blir underskreve av leiinga i kommunen slik at den forpliktar dei ulike etatane i kommunen samt at det blir uproblematisk å inngå samarbeid med desse om konfliktrådet får overført ei sak med ungdom i frå kommunen som gjeld Ungdomsstraff, Ungdomsoppfølging eller Oppfølging i konfliktråd.

Vurdering

Kommunen har hatt samarbeid med Konfliktrådet også tidlegare år, men samarbeidet er tenkt meir formalisert med denne avtalen. Avtalen kan medverke til tettare samarbeid mellom etatane. Barnevernet i kommunen er positiv til å delta i oppfølgingsteam.